

## Uttale i samband med reguleringsplan Kvamme

Sandnes Vel viser til kunngjering om offentlig ettersyn av reguleringsplan med planid 4534-20200003 der høyringsfristen er 20.8.2020.

Sandnes Vel sin føremålsparagraf er følgjande:

*Sandnes Vel er eit partipolitisk uavhengig lag. Laget skal arbeida for felles beste og trivsel i bygda. Laget skal vera ein aktiv medspelar i utvikling av lokalsamfunnet og for at miljøet og naturen vert ivaretatt på ein god måte.*

I h.h.t. vedtektene er primærområdet til Sandnes Vel strekninga Bauge-Kvamme. Sandnes Vel har følgjande innspel til den aktuelle reguleringsplanen:

- Sandnes Vel er opptatt av at det vert lagt til rette for fastbuande i vårt område. Fleire fastbuande er det viktigaste bidraget for å oppretthalde barnehage, skule og eit variert kulturliv. Fleire fastbuande vil også kunne bidra til å oppretthalde servicetilbod som for eksempel butikk. Sandnes Vel ønskjer difor at alle tomtane i den aktuelle reguleringsplanen vert bustadtomter.
- Det regulerte området er i nærleiken av barnehage og skule. Det er i dette området mykje av fritidsaktivitetane til barn og unge skjer. Kort avstand frå busetnad til barnehage/skule er positivt for bruk og av ulike tilbod og involvering/deltaking i kulturlivet.
- Det regulerte området har nærleik til sjø. Tilgang til sjø og tilrettelegging for å bruke strandsona og sjøen er viktig for dei fastbuande og er ivaretatt i planen.
- Sandnes Vel har erfart at det er få bustadtomter tilgjengeleg i vårt område. Spesielt sjønære tomter er det få av. Det er kostnadskrevjande å etablere infrastruktur og det går oftast lang tid å regulere og etablere nye område for bustadbygging. Det regulerte området har nærleik til veg, kommunalt vatn og straum.
- I kommuneplanen er området sett av til turisme. Sandnes Vel meiner arbeidet med å få fleire fastbuande er svært viktig for byda og kommunen. Alternativet med bustadtomter er difor klart å føretrekke. Sandnes Vel meiner alt ligg til rette for at det alternativet kan veljast.